

Saksprotokoll i fylkestinget - 03.02.2017

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga punkt 2:

I tillegg ber fylkestinget om ei klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanfor fylket, men bustad i Hordaland.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. I samsvar med regelverket for tilsette i Hordaland fylkeskommune, godkjenner fylkestinget at Hordaland fylkeskommune dekker differansen mellom ytingane frå NAV og den avtalte godtgjersla for vervet som fylkesordførar, i den perioden fylkesordføraren er sjukemeld.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med ei eiga sak knytt til reglementet «Godtgjersle til folkevalde», der ein klårgjer retningslinene for slik godtgjersle ved sjukefråvær hos fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre folkevalde.

I tillegg ber fylkestinget om ei klargjering av retningslinene for folkevalde som har arbeidsstad utanfor fylket, men bustad i Hordaland.